



# NOREGS HØGSTERETT

## D O M

sagt 9. oktober 2020 av Høgsterett i avdeling med

justitiarius Toril Marie Øie  
dommar Wilhelm Matheson  
dommar Aage Thor Falkanger  
dommar Arne Ringnes  
dommar Borgar Høgetveit Berg

**HR-2020-1929-A, (sak nr. 19-167532SIV-HRET)**  
Anke over Eidsivating lagmannsretts dom 30. september 2019

A

B

(advokat Ingrid Mellum Gundersen – til  
prøve)

mot

X kommune

(advokat Lars Marius Heggberget)

## R Ø Y S T I N G

(1) Dommar **Høgetveit Berg:**

**Bakgrunnen for saka**

- (2) Saka gjeld fråtaking av foreldreansvar og adopsjon, mot viljen til foreldra, av ein gut som kom under barnevernets omsorg rett etter at han vart fødd.
- (3) C er fødd i --- 2012 og er snart åtte år. A og B er dei biologiske foreldra hans.
- (4) A hadde tidlegare fått eit barn i august 2011. Barnet har ikkje den same faren som C. Mor budde hjå foreldra etter denne fyrste fødselen. Ved ein rutinekontroll og etterfylgjande undersøking vart det kort tid etter fødselen oppdaga at barnet var skadd og i dårleg form. Barnet hadde ikkje gått opp i vekt og hovudet var blitt større og hadde endra form. Barnet kom på sjukehus, og det vart avdekt blåmerke, ribbeinsbrot, blødingar i augebakgrunnen og indre blødingar i hovudet. Barnevernstenesta trefte vedtak om akutt plassering då barnet var fire veker gamalt og overtok omsorga ved fylkesnemndas vedtak i slutten av januar 2012. Påtalemakta tok i oktober 2012 ut tiltale mot mor og foreldra hennar for ikkje å ha sytt for at barnet fekk legehjelp trass i at det var alvorleg sjukt.
- (5) På bakgrunn av førehistoria med mors eldste barn trefte barnevernstenesta akuttvedtak om mellombels omsorgsovertaking av C då han vart fødd. Han vart plassert i beredskapsheim hjå D og E og har budd der sidan.
- (6) Ved vedtak frå Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Y 5. april 2013 overtok X kommune omsorga for C. Samværet mellom guten og dei biologiske foreldra vart fastsett til to timar fire gonger i året med tilsyn. Grunnlaget for omsorgsovertakinga var at det var overvegande sannsynleg at barnet elles ville bli utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga, jf. barnevernlova § 4-12 fyrste ledd bokstav a fyrste alternativ, og at det var overvegande sannsynleg at foreldra ikkje ville vera i stand til å oppfylle gutens sosiale og emosjonelle behov, jf. § 4-12 fyrste ledd bokstav a andre alternativ. Barnevernstenesta hadde engasjert psykologspesialist Monica Sarfi til å gjera ei sakkunnig utgreiing av mors omsorgskompetanse. Sarfi forklarte seg i tillegg munnleg for nemnda.
- (7) Gjøvik tingrett stadfesta fylkesnemndas vedtak om omsorgsovertaking ved dom 7. oktober 2013. Retten var etter tvistelova § 36-4 sett med ein fagdommar, ein spesialist i klinisk psykologi og ein vanleg meddommar. Psykologspesialist Sarfi forklarte seg som sakkunnig.
- (8) I mars 2014 vart mor og foreldra hennar dømt av Borgarting lagmannsrett for brot på straffelova 1902 § 242 fyrste og andre ledd for å ha unnlata å syte for at mors fyrste barn fekk legehjelp kort tid etter fødselen i 2011, då mor budde hjå foreldra sine. Mor vart dømt til åtte månaders fengsel, delvis på vilkår. Begge besteforeldra vart dømde til fem månaders fengsel, også dei delvis på vilkår. Lagmannsretten la til grunn at barnet var blitt påført skader ved filleristing, og at det måtte vera mor eller ein av foreldra hennar som hadde gjort det. Det var derimot ikkje mogleg å slå fast kven av dei tre som hadde skadd barnet, eller om nokon av dei andre to hadde kjennskap til filleristinga.

- (9) X kommune fremja i august 2017 sak for fylkesnemnda med krav om fråtaking av foreldreansvaret og tvangsadopsjon. Dei biologiske foreldra kravde tilbakeføring av sonen. Barnevernet engasjerte psykologspesialist Monica Sarfi som sakkunnig for nemnda.
- (10) Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker Y trefte 9. februar 2018 vedtak som av slo dei biologiske foreldras krav om tilbakeføring. Nemnda vedtok tvangsadopsjon og fråtaking av foreldreansvaret. Besøkskontakt for dei biologiske foreldra vart sett til to timar to gonger i året.
- (11) Dei biologiske foreldra tok 9. mars 2018 ut søksmål ved Gjøvik tingrett for overprøving av fylkesnemndas vedtak. Tingretten vart etter tvistelova § 36-4 sett med ein fagdommar, ein psykolog og ein vanleg meddommar. Tingretten oppnemnde psykologspesialist Gunnar Førland Standal som sakkunnig. Ved tingrettens dom 22. oktober 2018 vart fylkesnemndas vedtak oppheva for tvangsadopsjonen, fråtakinga av foreldreansvaret og besøkskontakten. Vedtaket om at det ikkje var grunnlag for tilbakeføring til foreldra vart stadfesta. Mor og far vart begge gjevne rett til samvær med C to timar fire gonger i året.
- (12) Tingretten kom til at C ved ei mogleg tilbakeføring ville koma til å ha eit ekstraordinært omsorgsbehov over lengre tid, og at det var stor risiko for at foreldra ikkje ville kunne gje C forsvarleg omsorg. Vidare fann tingretten det klart at C hadde fått slik tilknytning til fosterforeldra og miljøet der at ei flytting ville føre med seg alvorlege problem for han. Tingretten kom likevel til at det ikkje låg føre særleg tungtvegande grunnar som tilsa at adopsjon var klart betre for C enn om han held fram som fosterbarn.
- (13) X kommune anka dommen til Eidsivating lagmannsrett.
- (14) I perioden mellom tingrettens dom og ankehandsaminga i lagmannsretten, døydde C' fostermor i mai 2019 etter kortvarig sjukdom.
- (15) I denne perioden kom det også til eit brot mellom dei biologiske foreldra, og mor flytta då heim til foreldra sine.
- (16) Eidsivating lagmannsrett vart sett med tre fagdommarar, ein psykologspesialist og ein vanleg meddommar, jf. tvistelova § 36-10 fjerde ledd. Tre sakkunnige vitne uttalte seg i saka. Lagmannsretten sa 30. september 2019 dom med slik domsslutning:
- «1. A og B fratras foreldreansvaret for C, født 00.00.2012, jf. barnevernloven § 4-20 første ledd.
  2. Det gis samtykke til at E født 00.00.1978 adopterer C, jf. barnevernloven § 4-20 andre og tredje ledd.
  3. A og B skal ha besøkskontakt med C to ganger i året, hver gang i to timer, jf. barnevernloven § 4-20 bokstav a.»
- (17) Lagmannsretten kom, i motsetnad til tingretten, til at det låg føre særleg tungtvegande grunnar som gjorde at adopsjon var klart betre for C enn om han held fram som fosterbarn. Slutninga punkt 3 inneheld ein skrivefeil då ho skal vise til barnevernlova § 4-20 a og ikkje til § 4-20 bokstav a.

- (18) Dei biologiske foreldra har anka dommen til Høgsterett. Anken retta seg mot rettsbruken, provvurderinga og sakshandsaminga. Høgsteretts ankeutval tillet 12. desember 2019 anken fremja for rettsbruken og provvurderinga.
- (19) Psykologspesialist Vigdis Sorteberg har vore oppnemnd som sakkunnig for Høgsterett. Ho forklarte seg også munnleg for Høgsterett. I tillegg er det lagt fram erklæringar frå psykologspesialist Gunnar Førland Standal og psykologspesialist Monica Sarfi. C har fått høve til å gje uttrykk for si meining om saka. Det er også lagt fram enkelte andre nye prov, men desse set ikkje saka i ei vesentleg anna stilling enn for lagmannsretten.

### **Partanes syn på saka**

- (20) Dei ankande partane – A og B – har i grove trekk gjort gjeldande:
- (21) Vilkåra for fråtaking av foreldreansvaret og adopsjon er ikkje oppfylte. Vilkåra i barnevernlova § 4-20 tredje ledd bokstav a, c og d er oppfylte, men vilkåret i bokstav b – barnets beste – er ikkje oppfylt. Adopsjon vil også vera i strid med EMK artikkel 8 om retten til familieliv, då inngrepet ikkje er naudsynt i eit demokratisk samfunn.
- (22) Målet om tilbakeføring vart forlate for tidleg. Styresmaktene har ikkje oppfylt den positive plikta til å arbeide for tilbakeføring. Foreldra har ikkje fått hjelp frå barnevernet med sikte på tilbakeføring. Styresmaktene har heller ikkje tilrettelagt for å styrkje familiebanda. Adopsjon kan då ikkje grunnjevast med manglande familieband.
- (23) Gutens band til den biologiske familien skal oppretthaldast med mindre foreldra er særleg ueigna som omsorgspersonar. Dei biologiske foreldra er ikkje særleg ueigna som omsorgspersonar, og samvær er ikkje skadeleg for guten. Ein adopsjon vil skjera av dei biologiske banda.
- (24) C har ikkje særlege omsorgsbehov. Han er robust, fungerer godt og har ikkje blitt eit sårbart barn som fylgje av at fostermor døydde. Mogleg sårbarheit er hypotetisk og knytt til framtida. C har god støtte i fosterfar og storfamilien til å takle tapet av fostermor. Risikoen for krav om tilbakeføring er låg; foreldra har slått seg til ro med at C skal bu i fosterheimen.
- (25) Det har vore eit godt samarbeid mellom foreldra og fosterforeldra. Guten har hatt kontakt med dei biologiske foreldra sidan fødselen. Det same gjeld besteforeldra på morssida. Besøkskontakt etter adopsjon kan derimot ikkje tvangsfullbyrdast. Dette inneber ein risiko for at fosterfar etter adopsjon kan avslutte kontakten med foreldre og besteforeldre.
- (26) Dersom adopsjon skjer no, mistar C retten sin til å vera med og bestemme over eiga framtid. Ein bør vente med adopsjon til C forstår skilnaden på adopsjon og fosterheim. Han har ikkje noko å tapa på å vente. Han har ei sterk og trygg tilknytning til fosterfar og storfamilien.
- (27) A og B har sett fram slik påstand:

«Tingrettens dom stadfestes.»

- (28) Ankemotparten – *X kommune* – har i grove trekk gjort gjeldande:
- (29) Vilkåra for adopsjon er oppfylte. Det ligg føre særleg tungtvegande grunnar for adopsjon. C skal under alle omstende ikkje tilbakeførast, og valet står då mellom varig fosterheimplassering og adopsjon frå fosterfar. Det beste for C er å bli adoptert av fosterfar. Dette veg tyngre enn dei biologiske foreldras rett til familieliv.
- (30) Eintydig forskning viser at adopsjon er den beste løysinga for barnets utvikling ved langvarig plassering av barn som er kome til fosterheimen før dei har etablert tilknytning til biologiske foreldre. Dette momentet må ha betydeleg vekt og vera utgangspunktet for den konkrete og individuelle vurderinga som må gjerast i kvar sak. Det er ikkje noko i saka her som peiker mot ei anna løysing.
- (31) Barnets tilknytning til fosterheimen skal ha stor vekt. C har på den eine sida ei sterk og trygg psykologisk tilknytning til fosterfar, storfamilien, garden han bur på og nærmiljøet. Minna om fostermor lever gjennom fosterfar. C har på den andre sida minimal tilknytning til sine biologiske foreldre. Han har svært lite å tapa på ein adopsjon.
- (32) Behova til barnet er eit moment som skal ha stor vekt. C har særskilte behov for stabilitet og tryggleik. Som fosterbarn er C i utgangspunktet meir sårbar enn andre barn, og fostermors død har gjort han særleg sårbar. Det vil kunne vera skadeleg om C skulle bli utrygg på kvar han høyrer til. Gjentekne vitjingar frå tilsynsføraren og barnevernstenesta mellom anna med spørsmål om korleis han har det i fosterheimen, gjer han utrygg. Ved adopsjon vil C ikkje lenger vera fosterbarn med den usikkerheita det fører med seg. Adopsjon vil føre til at C og fosterfar kan leva som andre familiar, utan stadig tilsyn frå barnevernstenesta. Foreldreansvaret bør vera hjå den som har den faktiske omsorga for barnet.
- (33) Det må leggjast vekt på kva barnet meiner. C har uttalt seg på ein slik måte at det må vera klart at han ynskjer å bli adoptert av fosterfar.
- (34) Det vanlege ved adopsjon er at dei biologiske banda blir brotne, noko som talar mot adopsjon. Det er ikkje tilfellet her. C har samvær med dei biologiske foreldra og besteforeldra, og veit at dei er den biologiske familien hans. Besøkskontakt etter adopsjon gjer at banda ikkje vil bli brotne. Det er ingen risiko for at fosterfar vil nekte samvær. Adopsjon vil tvert om kunne føre til at samværet med dei biologiske foreldra får eit betre innhald.
- (35) *X kommune* har sett fram slik påstand:

«Anken forkastes.»

## Mitt syn på saka

### *Problemstillinga*

- (36) Saka gjeld adopsjon mot viljen til foreldra. Spørsmålet er om C, som snart fyller åtte år, framleis skal vera fosterheimplassert i den heimen han har hatt sidan han vart fødd, eller om fosterfar skal få adoptere han – med rett for foreldra til besøkskontakt slik som fastsett av lagmannsretten.
- (37) Saka gjeld også fråtaking av foreldreansvaret etter barnevernlova § 4-20 fyrste ledd. Men dette er berre aktuelt med sikte på vedtak om adopsjon. Det er difor tilstrekkeleg å ta stilling til adopsjonsspørsmålet.
- (38) Tilbakeføring av C er ikkje eit tema, slik det var tidlegare i prosessen.

### *Høgsteretts kompetanse*

- (39) Etter tvistelova § 36-5 tredje ledd skal retten prøve alle sider av saka, og prøvinga skal skje ut frå situasjonen på domstidspunktet.
- (40) Eg nemner at saka er svært godt opplyst, og at det faktiske grunnlaget er oppdatert heilt til det siste. Det ligg føre i alt tre sakkunnige erklæringar. Den sakkunnige for Høgsterett har i tillegg forklart seg munnleg for retten. Det er i stor grad semje mellom partane om dei faktiske forholda. Det er i fyrste rekkje den konkrete rettsbruken partane er usamde om.

### *Dei rettslege utgangspunkta*

- (41) Adopsjon i strid med ynskja til foreldra er regulert i barnevernlova § 4-20 fyrste til tredje ledd som har slik ordlyd:

«Har fylkesnemnda vedtatt å overta omsorgen for et barn, kan fylkesnemnda også vedta at foreldreansvaret i sin helhet skal fratas foreldrene. Blir foreldreansvaret fratatt foreldrene slik at barnet blir uten verge, skal fylkesnemnda snarest ta skritt til å få oppnevnt ny verge for barnet.

Når det er fattet vedtak om fratakelse av foreldreansvar kan fylkesnemnda gi samtykke til adopsjon i foreldrenes sted.

Samtykke kan gis dersom

- a) det må regnes som sannsynlig at foreldrene varig ikke vil kunne gi barnet forsvarlig omsorg eller barnet har fått slik tilknytning til mennesker og miljø der det er, at det etter en samlet vurdering kan føre til alvorlige problemer for barnet om det blir flyttet og
  - b) adopsjon vil være til barnets beste og
  - c) adoptivsøkerne har vært fosterforeldre for barnet og har vist seg skikket til å oppdra det som sitt eget og
  - d) vilkårene for å innvilge adopsjon etter adopsjonsloven er til stede.»
- (42) Vilkåra for ulike inngrep etter barnevernlova er nærare avklarte og presiserte i rettspraksis, seinast i tre storkammeravgjerder; HR-2020-661-S, HR-2020-662-S og HR-2020-663-S.

Både i disse avgjørdene og i tidlegare dommar har praksis frå Den europeiske menneskerettsdomstolen – EMD – vore ei rettskjelde med stor vekt, jf. til dømes HR-2020-661-S avsnitt 88.

- (43) For vår sak viser eg særleg til HR-2020-661-S avsnitta 89 og 90. Her går det fram at vilkåret om barnets beste må supplerast av eit krav om at adopsjon krev særleg tungtvegande grunnar. Dei omstenda som på barnets hand tilseier adopsjon, må vera så sterke at omsynet til å oppretthalde dei biologiske banda mellom barnet og foreldra må vike. Storkammerorskurden slår også fast at norsk rettspraksis om dei materielle vilkåra for adopsjon samsvarar med konvensjonspraksis, sjå avsnitt 109.
- (44) Eg nemner også at det etter storkammersakene ikkje har vore saker i Høgsterett om tvangsadopsjon, før saka her. Det har heller ikkje kome nye dommar frå EMD i barnevernssaker mot Noreg etter at dei norske storkammersakene vart avgjorde.

#### ***Barnevernlova § 4-20 tredje ledd bokstav c og d***

- (45) Det er ikkje omstridd mellom partane at vilkåra i barnevernlova § 4-20 tredje ledd bokstavane c og d er oppfylte. Eg er samd i det. Alle skriftlege prov underbyggjer eintydig at fosterfar er godt skikka til å ha omsorg for guten og oppdra han som sitt eige barn. Eg viser vidare til den munnlege forklaringa frå den sakkunnige for Høgsterett og til at dei biologiske foreldra er samde i at fosterfar er godt skikka.

#### ***Barnevernlova § 4-20 tredje ledd bokstav a***

- (46) Hovudspørsmålet i saka er om adopsjon vil vera til barnets beste, jf. barnevernlova § 4-20 tredje ledd bokstav b. Kva som er barnets beste, er likevel nært knytt til grunnvilkåra for adopsjon i § 4-20 tredje ledd bokstav a. Eg ser difor fyrst på desse vilkåra.
- (47) Barnevernlova § 4-20 tredje ledd bokstav a stiller opp to alternative grunnvilkår for adopsjon. Det eine alternativet er om barnet har fått ei slik tilknytning til menneske og miljø der det er, at det kan føre til alvorlege problem for barnet dersom det blir flytta. Eg ser fyrst på dette alternativet.
- (48) C har budd hjå fosterforeldra heile livet sitt – i snart åtte år. Han er sterkt knytt til fosterfar, fosterheimen og miljøet der, fosterbesteforeldra og fosterslekta elles. Han omtalar fosterfar konsekvent som «far» og den avlidne fostermora som «mamma». Han har fleire gonger gjeve uttrykk for at garden dei bur på er «litt min» og liknande, som viser tilknytninga til fosterfamilien og nærmiljøet. C var særleg sterkt knytt til fostermora, og minnet om henne lever vidare gjennom fosterfar. C har derimot ingen kjensleboren relasjon til dei biologiske foreldra. Desse er på si side einige i at sonen har fått ei slik tilknytning til menneske og miljø der han er no, at det kan føre til alvorlege problem dersom han blir flytta. Foreldra erkjenner med dette samstundes at tilbakeføring ikkje lenger er ei målsetjing. Kommunen er samd i dette. Det er eg og.
- (49) Det andre alternative grunnvilkåret i barnevernlova § 4-20 tredje ledd bokstav a er at det må reknast som sannsynleg at foreldra varig ikkje vil kunne gje barnet forsvarleg omsorg. Det sentrale spørsmålet er foreldras omsorgsevne. Eg presiserer for ordens skuld at det er

den konkrete omsorgsevna for C det er tale om, og ikkje den generelle omsorgsevna. Kommunen og foreldra er usamde om dette vilkåret er oppfylt.

- (50) Eg legg til grunn at det i dag ikkje er risiko for at foreldra vil kunne utsetja C for vald.
- (51) Dei biologiske foreldra har til dels hatt store utfordringar med å handtere eigne vaksenliv utan hjelp, trass omfattande hjelpetiltak. Dette gjeld særleg mor. Eg nemner også at foreldra flytta frå kvarandre på vårparten i fjor.
- (52) I den munnlege forklaringa for Høgsterett trekte den sakkunnige mellom anna fram at mor ikkje er van med å ta ansvar og på mange måtar framleis er avhengig av foreldra sine. Ho vurderer at mor har vanskeleg for å stå i problem og ikkje klarar å strekkje seg ut over seg sjølv. Den sakkunnige peikte vidare på at mor undervurderer risiko. Det er liten grunn til å tru at mor ville meistre den krevjande situasjonen som tvillaust ville oppstå dersom ho skulle ha omsorga for ein åtte år gamal gut. Endeleg var den sakkunnige usikker på om mor hadde dei tilstrekkelege evnene til å gje barnet dei naudsynte stimuliane i oppveksten.
- (53) Far har ikkje samarbeidd så godt med den sakkunnige for Høgsterett, slik at ho ikkje har hatt like godt grunnlag for å vurdere han. Eg oppfatta likevel den sakkunnige slik at det ikkje er noko som tyder på at far har dei omsorgsevnene som trengs for å overta omsorga for ein åtte år gamal gut. Far var passiv då den sakkunnige observerte foreldras samvær med barnet, og han var elles mest oppteken av å få seg arbeid.
- (54) Foreldra har ved samværa med C ikkje demonstrert tilstrekkelege omsorgsevner. Samhandlinga med C under samværa har vore, og er, mangelfull. Foreldra har ikkje klart å kome nært inn på C trass i eit relativt omfattande samvær gjennom snart åtte år. Under samværa kan foreldra verke passive, sjølv om fosterfar skal vera i bakgrunnen, slik at C gjerne tek på seg ei aktiv og leiande rolle. Forsøk frå barnevernstenesta på å betre samværs- og omsorgsevna til foreldra, har ikkje ført fram.
- (55) I tillegg nemner eg at også den sakkunnige for fylkesnemnda, psykologspesialist Monica Sarfi, meinte at foreldra ikkje vil kunne gje barnet forsvarleg omsorg. Ho hadde kome til den same konklusjonen både ved omsorgsovertakinga i 2013 og ved vurderinga eitt år tidlegare med omsyn til mor og det fyrste barnet hennar. Også den sakkunnige for tingretten og lagmannsretten, psykologspesialist Gunnar Førland Standal, meinte at foreldra ikkje vil kunne gje barnet forsvarleg omsorg.
- (56) Den sakkunnige for Høgsterett utelukkar ikkje at foreldras fungering kan ha kome på eit betre spor. Dette kan i så fall tale for eit auka funksjonsnivå i framtida. Det er samstundes for tidleg å slå fast at det kan vera tale om varige endringar. Det er for meg ikkje naudsynt å ta stilling til om foreldra i dag har dei tilstrekkelege omsorgsevna for å ta vare på eit nyfødd barn. Eg meiner dei under alle omstende i dag ikkje vil vera i stand til å ta seg av ein åtte år gamal gut som dei knapt kjenner. Foreldra har ikkje erfaring med å ha ansvaret for barn, og kan ikkje vakse inn i foreldrerolla saman med barnet, slik ein person som har hatt omsorga for barnet frå fødselen av kan.
- (57) Eg kan etter dette ikkje konkludere på noko anna vis enn at det er *klart* sannsynleg at foreldra varig ikkje vil kunne gje C forsvarleg omsorg.



***Kan historiske feil frå styresmaktene endre vurderinga etter barnevernlova § 4-20 tredje ledd bokstav a?***

- (58) I høve vurderinga av grunnvilkåra for adopsjon i barnevernlova § 4-20 tredje ledd bokstav a er det frå foreldras side gjort gjeldande at det ligg føre tidlegare feil frå styresmaktene som må få tyding for adopsjonsvurderinga i dag.
- (59) Høgsterett skal som nemnt ta stilling til om vilkåra for adopsjon er oppfylte i dag, jf. tvistelova § 36-5 tredje ledd. Dersom det er gjort feil frå styresmaktene tidlegare, kan dette likevel vera relevant for situasjonen no, jf. HR-2020-661-S avsnitta 135-139 og 153. Men Høgsterett treng ikkje ta stilling til moglege feil som ikkje har tyding for vurderinga av situasjonen i dag, jf. HR-2020-662-S avsnitt 60.
- (60) Foreldra gjer gjeldande at styresmaktene, særleg barnevernstenesta, tidlegare ikkje har oppfylt plikta si til å arbeide for tilbakeføring av barnet – og at adopsjon då ikkje kan tuftast på manglande familieband. Det er difor naudsynt å sjå på det faktiske grunnlaget for at situasjonen er blitt slik han er i dag.
- (61) Ved omsorgsovertakinga i 2013 la tingretten til grunn at mor hadde marginal omsorgsevne. Mor hadde ingen trening i å meistre eit vaksenliv og mangla ferdigheiter til å klare seg sjølv. Far kunne ikkje kompensere for dette. Også han var umogen, han mangla forståing for hjelpebehovet og hadde elles hyppig kontakt med politiet. Tingretten peikte vidare på at det var behov for betydeleg rettleiing med omsyn til samhandling med barnet. Manglane var så store at endrings- og mogningsprosessane ville ta lang tid. Det var difor behov for omfattande hjelpetiltak. Fleirtalet i tingretten la også vekt på faren for vald og viste til at vald lett kunne ha kosta det eldre halvsyskenet livet. I den seinare straffesaka fann lagmannsretten det rett nok ikkje prova at det var mor som hadde utøvd vald, men retten fann at ho i det minste hadde unnlata å syte for naudsynt legehjelp etter vald mot barnet. Samla var det etter mitt syn eit solid grunnlag for omsorgsovertakinga.
- (62) Tingrettens rettslege utgangspunkt for spørsmålet om samvær som fylgje av omsorgsovertakinga, var meir problematisk. Tingretten la i dommen frå 2013 til grunn at omsorgsovertakinga ville bli langvarig, og at samværet difor måtte bli avgrensa, men gjorde ikkje ei grundig vurdering av tilbakeføringsmålsetjinga. Tingretten skreiv at samværet «først og fremst [skal] sikre ham kjennskap til sitt biologiske opphav». Dette var feil rettsleg utgangspunkt. Eg viser her til HR-2020-663-S avsnitta 137 og 138:
- «(137) Gjenforeningsmålsettingen er fremhevet en rekke ganger i høyesterettspraksis og i avgjørelser fra EMD, og det fremgår at samværet må fastsettes slik at det ivaretar denne målsettingen. Denne stiller krav til samværenes hyppighet og kvalitet, jf. HR-2020-661-S avsnitt 143 til 145. I de saker hvor tilbakeføringsformålet ligger fast, må samværet altså fastsettes slik at båndene mellom foreldre og barn kan styrkes og utvikles, jf. HR-2020-662-S avsnitt 128 og HR-2020-661-S avsnitt 131 til 134.
- (138) I Rt-2012-1832 avsnitt 34 heter det at samværet må 'ivareta hensynet til å skape og vedlikeholde barnets kjennskap til og forståelse for sitt biologiske opphav' Men en slik begrensning av formålet med samværet kan bare skje der gjenforeningsmålsettingen oppgis, jf. HR-2020-662-S avsnitt 128 og EMDs dom 19. november 2019 K.O. og V.M. mot Norge avsnitt 69.»

- (63) Sjølv om tingretten tok feil rettsleg utgangspunkt i 2013, er spørsmålet om dette fekk tyding for fastsetjinga av samværet frå oktober 2013 og utetter. Samværet vart sett til to timar fire gonger i året under tilsyn. Tingretten la vekt på risikoen for vald. Vidare la tingretten vekt på at begge foreldra hadde avgrensa evne til å forstå gutens behov og signal under dei samværa som hadde vore fram til domstidspunktet, slik at det var naudsynt med rådgeving og rettleiing før auka samvær kunne bli aktuelt. Eg forstår dette slik at dei samværa som hadde vore fram til då, ikkje hadde fungert, særleg fordi foreldra var passive og mangla samværskompetanse. Eg skyt inn at det faktiske grunnlaget for tingrettens vurdering var svært godt. Frå akutt plasseringa og fram til tingrettens dom, mindre enn eitt år seinare, hadde guten hatt i alt 19 samvær med dei biologiske foreldra og 13 samvær med besteforeldra. Trass i at tingretten tok eit forkjært rettsleg utgangspunkt, meiner eg at det låg føre eit akseptabelt faktisk grunnlag for det avgrensa samværet frå oktober 2013 og utetter. Foreldra kravde heller ikkje meir omfattande samvær.
- (64) I tillegg kjem det omstendet at samværet straks etter tingrettens dom faktisk vart utvida. Foreldra fekk ut over det som var fastsett av tingretten treffe C for å levere julegaver og i samband med 17. mai. Dette har skjedd kvart år, unntatt i år på grunn av koronapandemien. Tilsynet vart avvikla alt i desember 2013. Frå 2014 fekk besteforeldra på begge sider tre samvær i året. Og frå mars 2016 er samværa gjennomførte utanfor fosterheimen, noko foreldra har gjeve uttrykk for at har fungert betre. Ut over dette har det vore kontakt ved sms frå fosterforeldra, også med bilete. Fosterforeldra tok i 2017 dessutan initiativ til kontakt med halvsysken.
- (65) Foreldra har særleg peikt på at barnevernstenesta har ei løpande plikt til å arbeide for tilbakeføring. Her nemner eg fyrst at plikta til å arbeide for tilbakeføring også kviler på staten, og ikkje berre på barnevernstenesta. Ein må difor sjå på alle relevante offentlege hjelpetiltak overfor foreldra og barnet.
- (66) Eit hovudelement i den manglande omsorgsevna var at foreldra trong å utvikle seg, bli meir mogne og sjølvstendige. Foreldra var 21 år gamle då C vart fødd, og hadde begge lenge før dette motteke omfattande hjelp frå Nav. Mor var fylgd opp av Nav sidan ho var 18 år. Kontakten var i hovudsak gjennom arbeidsrelaterte rettleiingssamtaler. Kontakten var særleg tett frå 2015, ofte minst ein gong i veka. I tillegg vart det gjennomført fem konkrete tiltak og to år i arbeidspraksis. Far har hatt kontakt med Nav sidan han var 17 år, gjennom svært mange ulike arbeidsrelaterte aktivitetar og praksisar. Staten har såleis tilrettelagt for at foreldra skal kome i arbeid, bli meir mogne og sjølvstendige og med det også få betra omsorgsevnene sine.
- (67) Rett etter akutt plasseringa av C i november 2012 fekk foreldra tilbod frå barnevernstenesta om støtte og eventuell tilvising til psykiatritenesta. Dei avslo dette.
- (68) I desember 2014 møtte foreldra ikkje opp til avtalt møte med barnevernstenesta og svarte heller ikkje på melding då oppmøte vart etterspurt.
- (69) Då barnevernstenesta sette ny sakshandsamar på saka, fekk foreldra i mars 2016 tilbod om rettleiing før og under samvær. Dei møtte ikkje opp til dei fire fyrste avtalte rettleiingstimane, og sa heller ikkje ifrå ved dei tre siste av desse. Barnevernstenesta avlyste då dei resterande rettleiingstimane. Mor tok kontakt med barnevernstenesta i oktober 2016 og avtalte rettleiing på nytt. Utfordringar med Nav vart oppgjeve som årsak til at foreldra ikkje hadde møtt. Barnevernstenesta gav uttrykk for undring over at foreldra

ikkje hadde teke kontakt for å endre tidspunkt. Etter ytterlegare manglande oppmøte utan varsel sa barnevernstenesta i november 2016 frå om at dersom det vart fleire avlysingar, ville det vera meiningslaust å oppretthalde tilbodet om samværsrettleiing. Rettleiinga vart deretter avslutta.

- (70) Eg kan på denne bakgrunnen ikkje sjå at staten ikkje har oppfylt plikta til å arbeide for tilbakeføring. Foreldra har over lang tid motteke bistand frå Nav for å takle vaksenlivet. I tillegg har dei fått tilbod om, men i stor grad ikkje gjort bruk av eller avslått, konkret bistand frå barnevernstenesta med tanke på å auke omsorgs- og samværskompetansen.
- (71) Samla kan eg difor ikkje sjå at det ligg føre tidlegare feil frå styresmaktene som må få tyding for adopsjonsvurderinga i dag.

***Barnevernlova § 4-20 tredje ledd bokstav b – innhaldet i vurderinga av barnets beste***

- (72) Adopsjon mot viljen til foreldra kan berre skje dersom det vil vera til barnets beste, jf. barnevernlova § 4-20 tredje ledd bokstav b, jf. også § 4-1. At omsynet til barnet skal vera grunnleggande, fylgjer også direkte av Grunnlova § 104 andre ledd og barnekonvensjonen artikkel 3. Grunnlova § 102 slår fast at alle har krav på respekt for privatlivet og familielivet sitt. Fråtaking av foreldremyndigheit og adopsjon er tvillaust inngrep i familielivet til barn og foreldre. EMK artikkel 8 kjem difor også i bruk.
- (73) For avveginga av dei kryssande omsyna som gjer seg gjeldande ved vurderinga av barnets beste ved adopsjon, viser eg til storkammerorskurden HR-2020-661-S, avsnitta 81 og 82:

«(81) Den mer overordnede avveiningen av de ulike hensyn ved adopsjon, som er hovedspørsmålet i vår sak, er formulert slik i Rt-2015-110 avsnitt 46 og gjentatt i flere senere dommer:

‘En tvangsadopsjon berører de biologiske foreldrene sterkt. Den følelsesmessige smerten ved å få sitt barn bortadoptert er vanligvis dyptgripende. De familiemessige båndene som brytes ved tvangsadopsjon, er beskyttet av EMK artikkel 8 og Grunnloven § 102. Også for barn representerer adopsjonen et inngripende tiltak, som etter FNs barnekonvensjon artikkel 21 derfor bare kan besluttes dersom det er til barnets beste. Foreldrenes interesser må, på den annen side, vike der avgjørende forhold på barnets hånd tilsier adopsjon, jf. Grunnloven § 104 annet ledd og barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1. ...’

- (82) Utgangspunktet er altså de familiemessige bånd – ofte omtalt som det biologiske prinsipp – både for foreldrene og for barnet. Det fremgår at også barnets interesse i familieliv med dets biologiske familie omfattes, og at vurderingen må bygge på at adopsjon derfor er et inngripende tiltak også overfor barnet. Men barnet kan etter omstendighetene ha interesser som strider mot foreldrenes, og deres interesser må da vike for avgjørende forhold på barnets hånd.»
- (74) Det er ikkje tvil om at dei to fyrste vilkåra i EMK artikkel 8 er oppfylte – krava til lovheimel og legitimt føremål. Tvisten her gjeld det tredje vilkåret – om inngrepet er naudsynt i eit demokratisk samfunn. Her gjeld eit krav om proporsjonalitet mellom dei

verna individuelle interessene og dei legitime samfunnsbehova som grunnleggjend tiltaket, sjå HR-2020-661-S avsnitt 75 til 78. Konvensjonspraksis er oppsummert i avsnitt 95 og 99:

«(95) Som det fremgår av de to siterte avsnittene i Strand Lobben-dommen, skal det særlig legges vekt på barnets beste, som ifølge avsnitt 204 er av overordnet betydning. Generelt vil dette hensynet ifølge avsnitt 207 på den ene side tilsi at familiebandene opprettholdes, med mindre foreldrene er særlig uegnet ('particularly unfit'). Brudd på familieband kan bare skje helt unntaksvis ('very exceptional circumstances'). På den annen side kan foreldre ikke kreve tiltak som vil skade barnets helse eller utvikling ('harm the child's health and development'). Disse to hovedelementene inngår i hensynet til barnets beste. Statene plikter dessuten å sørge for prosessuelle garantier som på praktisk og effektivt vis beskytter barnets interesser.

...

(99) EMD fremhever her at det gjelder strenge krav ved fratakelse av foreldreansvar og adopsjon, siden disse tiltakene medfører at familiebandene brytes for godt ('are definitively severed'). Det kan bare skje i unntakstilfelle ('in exceptional circumstances') og på grunnlag av et dominerende behov ('an overriding requirement') av hensyn til barnets beste. Også disse formuleringene har EMD benyttet i en lang rekke saker.»

(75) Referansen i avsnitt 95 til «Strand Lobben-dommen» er til EMDs storkammerdom i saka *Strand Lobben m.fl. mot Noreg* 10. september 2019.

(76) Dei materielle vilkåra for adopsjon i norsk rettspraksis er i samsvar med konvensjonspraksis, sjå HR-2020-661-S avsnitt 109. Den overordna vurderingsnorma ved adopsjon er uttrykt slik av Høgsterett i HR-2020-661-S avsnitt 110:

«Det må foreligge så tungtveiende grunner for adopsjon fremfor fortsatt fosterhjemsplassering at de rettferdiggjør at familiebandene kuttas helt.»

(77) Med referanse til Strand Lobben-dommen, avsnitt 205 og 208, har Høgsterett i storkammer slått fast at omsorgsovertaking skal reknast som eit mellombels tiltak, og at nasjonale styresmakter har ei positiv plikt til å arbeide for tilbakeføring så snart det let seg gjera, samstundes som dette må vegast opp mot barnets beste, sjå HR-2020-661-S avsnitt 128. Deretter uttalte Høgsterett i avsnitt 129 og 130:

«(129) På den annen side går det en grense hvor gjenforening av familien ikke lenger er aktuelt. Det kan ikke skje hvis foreldrene er særlig uegnet ('particularly unfit') eller hvis tiltaket vil skade barnet ('harm the child's health and development'), jf. Strand Lobben-dommen avsnitt 207 om disse to situasjonene. Ifølge avsnitt 208 kan det også være utelukket når betydelig tid har gått ('when a considerable period of time has passed') siden omsorgsovertakelsen, slik at barnets interesse i stabilitet ('not to have his or her de facto family situation changed again') kan veie tyngre enn hensynet til gjenforening. Det forhold at foreldrene har gjenfunnet sin omsorgsevne, kan dermed ikke alltid tillegges utslagsgivende vekt, jf. Pedersen-dommen avsnitt 65 med videre henvisninger.

- (130) At omstendighetene kan medføre at gjenforening ikke er mulig, kommer også til uttrykk avslutningsvis i Strand Lobben-dommen avsnitt 209, hvor EMD bemerker om adopsjon:

‘It is in the very nature of adoption that no real prospects for rehabilitation or family reunification exist and that it is instead in the child's best interests that he or she be placed permanently in a new family (see *R. and H. v. the United Kingdom*, no. 35348/06, § 88, 31 May 2011).’»

- (78) Verknaden av at styresmaktene ikkje har oppfylt den positive plikta til å arbeide for tilbakeføring, er handsama i HR-2020-661-S avsnitta 135 til 139. Eg siterer frå avsnitt 137:

«(137) ... Adopsjon kan ikke være utelukkaet hvis det kan konstateres at foreldrene er særlig uegnet (*‘particularly unfit’*), og dette etter all sannsynlighet vil være en varig situasjon. Prinsippet må dessuten ta sikte på situasjonen der samvær ikke er *skadelig* for barnet, jf. formuleringen i Strand Lobben-dommen avsnitt 207 om at foreldrene ikke kan utøve sine rettigheter slik at det vil *‘harm the child's health and development’*. Er samvær skadelig, vil det ikke være en forsømmelse at myndighetene har latt være å legge til rette for dette. Det forutsetter likevel at myndighetene har gjort det de kan for å gjennomføre samvær uten skade for barnet. Og på et eller annet tidspunkt kan hensynet til *stabilitet* for barnet – status quo – veie så tungt at hensynet til foreldrene må vike, jf. Strand Lobben-dommen avsnitt 208.»

- (79) Her peiker Høgsterett på tre grunnleggjande omstende som – enkeltvis eller samla – kan gjera at barnets beste, vurdert opp mot interessene til foreldra, tilseier adopsjon. Dei tre omstenda er om foreldra etter alt sannsyn er varig særleg ueigna, om samvær er skadeleg for barnet og behovet for stabilitet.
- (80) Barn har rett til å bli høyrde i spørsmål som gjeld dei sjølv, og det skal leggjast vekt på meininga deira i samsvar med alder og utvikling, jf. Grunnlova § 104 fyrste ledd andre punktum. Dette er utdjupa i barnevernlova § 1-6, som slår fast at barn som er i stand til å danne seg egne synspunkt, har rett til å medverke i alle forhold om seg sjølv etter barnevernlova. Barnet skal få tilstrekkeleg og tilpassa informasjon og har rett til fritt å gje uttrykk for synspunkta sine. Synspunkta skal vektleggjast i samsvar med alder og mogning. Vidare slår barnevernlova § 6-3 fyrste ledd fast at eit barn som har fylt sju år, og yngre barn som er i stand til å danne seg egne synspunkt, skal informerast og få høve til å uttale seg før det blir teke avgjerd om han eller henne. Vekta av meininga til barnet er avhengig av alder og mogning.
- (81) Før eg går over på den konkrete vurderinga av kva som er det beste for C, minner eg om at Høgsterett i ei rekkje saker har uttalt at forskings- og erfaringsbasert oppfatning av kva som gjennomgåande er best for barn, må ha betydeleg vekt, men at det må gjerast ei konkret og individuell vurdering i kvar einskild sak, sjå Rt-2007-561 avsnitt 50, HR-2018-1720-A avsnitt 65, HR-2019-1272-A avsnitt 100 og HR-2020-661-S avsnitt 191. Omfattande kunnskap basert på forskning frå fleire land viser at adopsjon er den beste løysinga for barn som er komne til fosterheimen før dei har etablert tilknytning til biologiske foreldre, og som ikkje skal tilbakeførast til biologiske foreldre. Eg viser mellom anna til professor Marit Skivenes' sakkunnige forklaring for lagmannsretten og psykologspesialist Vigdis Sortebergs sakkunnige rapport for Høgsterett. Dette kan tene som eit utgangspunkt, men eg understrekar at C' situasjon må vurderast konkret.

- (82) Eg nemner også at barnevernstiltak er ein rett for barnet. Barnevernlova § 1-5, i kraft frå juli 2018, slår fast at barn har rett til naudsynte tiltak etter lova når vilkåra for tiltaket er oppfylt. Barn har altså rettskrav på naudsynte tiltak.

***Den konkrete vurderinga av barnets beste***

- (83) Det må altså vera så tungtvegande grunnar for adopsjon framfor fortsett plassering i fosterheim at desse rettferdiggjer at C' rettslege familieband blir kutta. Denne vurderinga må ha med seg at det ligg i kjernen av adopsjonsinstituttet at det ut frå omsynet til barnets beste ikkje er reelle utsikter til tilbakeføring.
- (84) Eg minner innleiingsvis om at det var eit solid grunnlag for omsorgsovertakinga i 2013, og at staten heller ikkje seinare har brote mot tilbakeføringsmålsetjinga med tyding for adopsjonsspørsmålet.
- (85) For Høgsterett ligg det som nemnt føre eit breitt og oppdatert avgjerdsgrunnlag. Det er etter mitt syn svært solid grunnlag for å konkludere med at tilbakeføring ikkje er mogleg. For det fyrste er det klart sannsynleg at foreldra varig ikkje vil kunne gje C forsvarleg omsorg. For det andre har C fått så sterk tilknytning til menneska og miljøet der han er, at det kan gje han alvorlege problem dersom han blir flytta. På grunn av C' sterke tilknytning til fosterheimen og sårbarheit etter fostermoras død, og fordi han berre i liten grad kjenner dei biologiske foreldra, ville C, om han skulle flytte ut av fosterheimen, få eit ekstraordinært omsorgsbehov som hans biologiske foreldre ikkje kunne fylle. Det er fylgjeleg ingen realistiske utsikter til tilbakeføring – noko også dei biologiske foreldra er samde i.
- (86) Det er med det ein grunnleggjande og uomstridd premiss i saka her at C uansett skal bu i fosterheimen. Han har budd heile det nesten åtte år lange livet sitt i denne fosterheimen – ein stor del av den tida han rettsleg vil vera barn. Det er ikkje omstridd at han får svært god omsorg og har det trygt og godt der. C har likevel eit klart behov for stabilitet kring denne situasjonen framover:
- (87) Etter fosterheimsforskrifta §§ 8 og 9 skal fosterheimskommunen føre tilsyn med barnets situasjon i fosterheimen. Tilsynsføraren skal snakke med barnet, som skal få høve til å seia meininga si om fosterheimen utan at fosterforeldra er til stades. Tilsyn skal skje minst fire gonger i året, og slik er det også for C. Det er angstvekkjande for han å snakke om korleis han har det i fosterheimen. Han blir frustrert og sint og vil ikkje snakke om det. Den sakkunnige for Høgsterett har forklart at C opplever slike spørsmål som ei devaluering av fosterfar – og rokkar ved det grunnleggjande spørsmålet om kvar C høyrer heime. Spørsmåla kan, når C reagerer slik, skippe C' kjensle av identitet og gjera han utrygg. Dette er forsterka av fostermoras død. Også den sakkunnige for lagmannsretten peikte på dette. Adopsjon vil gje C ro og tryggleik med omsyn til kvar han høyrer heime. Omsynet til stabilitet må difor vega tungt.
- (88) C hadde tidlegare også vitjing av tilsynsførar frå barnevernstenesta fire gonger i året. Dette er frå 2015 redusert til to gonger i året, noko som er minimum, jf. fosterheimsforskrifta § 7 tredje ledd. Tilsyn frå tilsynsføraren og barnevernstenesta tek samla sett tid, krefter og

merksemd. C viser teikn på slitasje. Barnevernstenesta meiner at det ikkje er behov for oppfølging, sidan fosterheimen fungerer eineståande godt.

- (89) Den sakkunnige for Høgsterett understreka at fosterfars føresetnader for å gje god omsorg og syte for stabilitet rundt C vil bli styrkt om han får den rettslege makta som ligg til foreldre. Dette vil særleg ha tyding i ungdomsåra, men også no.
- (90) C har liten tilknytning til dei biologiske foreldra sine, og ingen eigentleg relasjon. Han har aldri budd med foreldra. Sjølv om han veit at dei er foreldra hans, og han har hatt jamleg samvær med dei, er dei for han som fjerne slektningar. Under samværa er foreldra ofte passive samstundes som fosterfar skal vera i bakgrunnen. Dei sakkunnige både for lagmannsretten og Høgsterett har skildra at C under samvær difor tek på seg ei aktiv og leiande rolle, noko som kan vera krevjande for han. Samværet mellom C og foreldra har likevel eigenverdi og gjer det lettare å etablere betre kontakt når han blir eldre.
- (91) Den sakkunnige for Høgsterett peikte på at eit rettsleg sterkare og tryggare band mellom C og fosterfar også vil kunne styrkje relasjonen til dei biologiske foreldra. Fosterfar har sagt seg viljug til besøkskontakt to gonger i året, som rett nok er sjeldnare enn samværet i dag. Men særleg på bakgrunn av forklaringa frå den sakkunnige for Høgsterett, legg eg til grunn at fosterfar vil leggje til rette for ytterlegare kontakt, slik han gjer også i dag. Eg oppfattar forklaringa frå den sakkunnige slik at fosterfar ynskjer at C får betre kontakt med dei biologiske foreldra når dette kan skje på andre premissar enn i dag. Eg nemner også at den sakkunnige har peikt på at fosterforeldra, særleg fostermor då ho levde, var uvanleg opptekne av at C skulle ha kontakt med dei biologiske foreldra sine. Fostermor tok også initiativ til kontakt med C' halvsysken. Samvær og tilsyn tek samla mykje tid og merksemd. Dersom tilsynet fell bort som fylgje av adopsjon, vil dette frigjera tid.
- (92) Som eg har nemnt tidlegare, har samværa ikkje hatt tilstrekkeleg kvalitet, korkje for guten eller for dei biologiske foreldra. Fosterfar har føresett at han skal halde seg i bakgrunnen og har med det i liten grad kunna bidra til eit godt samvær. Han har gjeve uttrykk for at det vil vera lettare å skapa ei avslappa stemning dersom han kan invitere dei biologiske foreldra på vanlege besøk – utan det formelle preget av samvær. Eg forstår den sakkunnige slik at eit slikt samvær vil kunne auke kvaliteten på kontakten mellom guten og dei biologiske foreldra.
- (93) Samla legg eg til grunn at adopsjon i dette tilfellet vil kunne leggje tilhøva til rette for betre kontakt mellom guten og dei biologiske foreldra, og at adopsjon i alle fall ikkje vil kunne skade kontakten i særleg grad.
- (94) C har ikkje blitt spurt direkte om han ynskjer å bu hjå fosterfar som fosterheimsbarn eller som adoptivson. Guten er trygg og sterkt knytt til fosterfar – og ser på han som sin eigen far. Han har gjeve uttrykk for at han ynskjer å ha same etternamn som fosterslekta, og at garden dei bur på, er litt hans. Det er heilt urealistisk at C skulle meine at andre enn fosterfar skulle ta dei rettslege avgjerdene om og for han, dersom han fekk velja. Eg legg difor til grunn at C ynskjer, eller i alle fall vil ynskje når han forstår spørsmålet, å bli adoptert når alternativet er å vera fosterheimsbarn til han blir myndig.
- (95) Foreldra har gjort gjeldande at det er for tidleg å ta det irreversible steget å samtykke til adopsjon, og at ein bør vente til C forstår skilnaden mellom å vera adoptert og å vera fosterheimsbarn. Eg er ikkje samd i det. Tilbakeføring er ikkje aktuelt, og det er heller

ingen uavklarte spørsmål som vil bli betre opplyste med tida. C går på skulen og vil etter kvart få kunnskap derfrå om fosterbarns stilling generelt, frå media eller frå medelevar, som kan vera eigna til å skapa usikkerheit om situasjonen hans. I fylgje professor Marit Skivenes, som forklarte seg for lagmannsretten, er det spesielt viktig at adopsjon er gjennomført før tenåra. Skal C, som snart er åtte år, få fullt utbytte av adopsjonen, bør den gjennomførast no, jf. HR-2019-1272-A avsnitt 109.

- (96) Desse omsyna som frå C' ståstad talar for adopsjon, må vegast opp mot foreldras interesse i at dei rettslege banda mellom dei og C ikkje blir brotne, og C' interesse i kontakt med dei biologiske foreldra. Dei biologiske banda veg tungt, men i denne saka kan dei ikkje vega opp for fordelane ved adopsjon:
- (97) Dei biologiske foreldra vil etter ein adopsjon ikkje lenger kunne ta avgjerder om og for guten. Så lenge det er urealistisk med tilbakeføring og foreldra meiner guten har det godt hjå fosterfar, og – framfor alt – at det ikkje er etablert eit meir normalt familieliv – er fråtaking av rettsleg rådvelde mindre byrdefullt.
- (98) Adopsjon vil likevel leggje ei emosjonell bør på dei biologiske foreldra ved at den faktiske situasjonen blir formalisert. Adopsjon er det siste formelle steget som set ein definitiv stoppar for mogleg tilbakeføring. Eg er ikkje i tvil om at foreldra i denne saka vil oppleva det tungt. Samstundes anerkjenner dei den faktiske situasjonen og at C aldri skal flytte heim til nokon av dei.
- (99) Dei biologiske røtene blir ikkje rivne opp ved ein adopsjon. I saka her er det heller ingen haldepunkt for at fosterfar ikkje vil fylgje opp C' kontakt med foreldra på ein god måte. Som nemnt vil dei biologiske foreldra tvert om kunne oppleva betra interaksjon med C etter ein adopsjon. Det same vil i hovudsak gjelde for besteforeldra.
- (100) Samla er eg, på den same måten som dei tre sakkunnige som har vurdert saka, psykologspesialistane Sarfi, Standal og Sorteberg, ikkje i tvil om at det ligg føre særleg tungtvegande grunnar som viser at det klart er best for C at han blir adoptert no i staden for å halde fram som fosterheimsbarn. I dette ligg det også at eg meiner det klart ligg føre «exceptional circumstances» som viser at adopsjon er «motivated by an overriding requirement pertaining to the child's best interests». Alle vilkåra for adopsjon er oppfylte.
- (101) I lagmannsrettens dom var det fastsett besøkskontakt to timar to gonger i året, jf. barnevernlova § 4-20 a fyrste ledd. Besøkskontakten vil ivareta C' rett til og behov for kjennskap til sitt biologiske opphav. Samstundes vil foreldra få kunnskap om C' utvikling under oppveksten. Slik besøkskontakt er i tråd med dei biologiske foreldras ynskje. Fosterfar har samtykka til besøkskontakt. Omfanget av besøkskontakten er ikkje tema for Høgsterett, men eg minner om at det i denne saka er gode utsikter til auka kontakt med både biologiske foreldre og besteforeldre etter ein adopsjon, og med eit meir meningsfylt innhald når C er trygg på kvar han høyrer til. Fosterfamilien har heile tida vore oppteken av at C får kunnskap om og kjennskap til sin biologiske familie.



**Konklusjon**

- (102) Eg er etter dette komen til at vilkåra for adopsjon er oppfylte og at vedtaket er gyldig. Anken må etter dette forkastast. Eg røystar for slik

D O M :

Anken blir forkasta.

- (103) Dommer **Ringnes:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (104) Dommer **Matheson:** Likeså.
- (105) Dommer **Falkanger:** Likeså.
- (106) Justitiarius **Øie:** Likeså.
- (107) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

Anken blir forkasta.